

FREDAG, 1. FEBRUAR 2019

## INNSPEL TIL NY KULTURMINNEMELDING

I introduksjonen til meldingsarbeidet legg regjeringa nokre viktige føringer for ny kulturminnemelding.

Først og fremst skal meldinga bygge vidare på St. meld. nr. 16, *Leve med kulturminner*. I tillegg trekk meldinga inn klimaendringar, urbanisering, demografiske endringar og en stadig aukande digitalisering, ressurseffektivisering og gjenbruk, samfunnsøkonomiske realitetar og ny forvaltingsstruktur.

Vi er positive til at regjeringa konkret nemner at kulturarven er med på å styrke dialog, tilhørsle og identitet, samtidig som det gir grunnlag for kunnskap og opplevelingar. Vi har store forventingar til at dette vert veklagt i ny kulturminnemelding.

Vi håper at meldinga kan føre til ein brei offentleg debatt kring kulturminnevern. Omtanke, eller somme tider mangel på omtanke, når det gjeld bevaring og formidling av kulturminna, fortel òg kva respekt vi har for dei som har levd før oss.

Kva vilje vi har til å ivareta kulturminne, fortel òg om kva vilje vi har til å lære av forhistoria. Dette er sentrale tema i all kulturminneforvalting og bør være ein rød tråd i kulturminnemeldinga.

Kaupanger Hovedgård er usikker på kva regjeringa meiner med samfunnsøkonomiske realitetar. Vi tek det for gitt at ein ikkje legg opp til ytterlegare økonomiske kutt eller endringar som gjev forvaltinga eit mindre eller dårlagare handlingsrom i å utføre sine oppgåver.

I eventuelle samfunnsøkonomiske analysar er det viktig at meldinga òg tek innover seg ikkje-prissette verknadar.

Vi er positive til arbeidet som er igangsett med å overføre meir makt og mynde til regional kulturminneforvalting. Samstundes er det heilt nødvendig at forvaltinga vert sikra øyremerka tilskot frå staten. I dag er det store forskjellar i organiseringa og ressursbruk mellom fylka. Til dømes har kulturavdelinga i Sogn og Fjordane ein medarbeidar med ansvar for om lag 250 vedtaksfreda bygg. Vår erfaring er at dette legg stort press på både fylkeskommunal forvalting og eigarar av kulturminne av nasjonal verdi.

For eigarar av freda bygg og anlegg er *det viktig at regionalisering av kulturminneforvaltinga samstundes sikrar lik praksis og vilkår mellom fylka*.

I arbeidet med overføring av mynde må ein òg få på plass nye former for dialog og samarbeid mellom forvalting og eigarar og andre som er involvert i frivillig kulturminnearbeid. Organiseringa av samlingane som landbruksforvaltinga kvart år har med eigarar innafor UKL-ordninga kan vere ein mal for korleis forvaltinga kan ha jamn kontakt med eigarar og frivillig sektor.

Vi er òg uroa over nye krav om at eigar må fullføre restaureringsarbeid før tilskota vert utbetalt. Vi forstår otta til Riksrevisjonen om potensialet for manglende kontroll og misbruk av



offentlege midlar. Det fritek likevel ikkje forvaltinga frå å utarbeide rutinar for å unngå misbruk som ikkje hindrar delutbetaling av tilskot.

Dei nye krava gjer at private eigalarar av freda bygg må ha urealistisk stor eigenkapital. Å ta opp mellombels lån vil virke fordyrande på prosjekta. Mellom anna må rentar reknast inn i prosjekta. Truleg vil einskilde eigalarar av ulike grunnar ha problem med å ta opp lån. Som døme restaurerte Kaupanger Hovedgård taket på hovudbygningen i perioden 1994 til 2001. I dag ville det ha medført at vi måtte ha stilt med om lag 5 mill. i eigenkapital for å restaurere taket.

*Endringa strir òg med regjeringa sin målsetning om effektivisering og forenkling av offentleg forvalting.*

Ein viktig føresetnad for å kunne seie noko om tilstanden på freda bygg, er at ein har gode rutinar for tilstandsregisteringar. Tilstandsregisteringane er òg viktige for å kunne seie noko om det totale behovet for økonomiske tilskot til vedlikehald og restaurering av bygg og anlegg i Norge.

I Norge er det eit stort etterslep på desse registeringane. For Kaupanger Hovedgård sin del er siste tilstandsregistering frå 2007. Vi er ikkje åleine om å mangle eller ha utdaterte registeringar. Utforminga av tilstandsregisteringane i denne perioden gjer òg at dei ikkje kan nyttast av eigalarar i planlegging av naudsynt vedlikehald.

Vi er uroa over kvaliteten på tilstandsregisteringane. Vi har opplevd at forvaltinga automatisk oppjusterer tilstanden på bygg eigd av Kaupanger Hovedgård til normal vedlikehaldsbehov (TG1) i Askeladden etter mindre restaureringsprosjekt, sjølv om byggets primære tilstand er uendra. Vi er usikker om dette er gjengs praksis, eller er noko som berre vert praktisert i Sogn og Fjordane.

Ein bør òg vurdere kven tilstandsregisteringane skal vere retta mot. Er det berre forvaltinga som skal nyttiggjere seg dei, eller bør dei innrettast slik at eigalarar og kan nyte seg av dei i sitt arbeid?

*Vi foreslår difor å evaluere korleis freda bygg og anlegg vert tilstandsvurdert og om denne forma for registrering av bygg og anlegg har ønskt effekt.*

Forenkling av søknadsprosessar. Eigalarar av freda bygg og anlegg bør få tilgang til Askeladden med tilgang på all dokumentasjon som er relevant for deira eigedom. Dette vil òg gje vesentleg forenkling av informasjonsarbeidet til nye eigalarar av freda bygg og anlegg. Søknadsprosessar mm. bør òg skje via Askeladden.

*Kulturminnemeldinga bør diskutere om og korleis Askeladden kan fungere som eit digitalt verktøy for eigalarar av freda bygg og anlegg.*

Auka tilskot til freda bygg og anlegg. Det er stort etterslep på vedlikehald. Storting og regjering har ikkje lukkast i å følgje opp St. meld. nr. 16. Skal ein sikre legitimitet til fredingsinstituttet må ein auke tilskota drastisk. I perioden mellom 2004-2018 har auka i tilskota blitt spist opp av sterke auke i material- og handverkskostnadene. Det har òg vore stor auke i talet på fredingar i denne perioden. Endring av praksis ved at bygg i fredingstidspunktet skal ha normalt vedlikehaldsnivå gjer òg at eigalarar av allereie freda bygg opplev auka problem med å få tilskot.

*Kulturminnemeldinga bør evaluere tilskotsordningane retta mot eigalarar av freda bygg og anlegg. Nye og realistiske målsetningar bør vere viktig del av denne evalueringa. I ein slik evaluering er det viktig at det statlege ambisjonsnivået ikkje er høgare enn kva som er realistisk å få til. Det er òg viktig at staten kommuniserer tydeleg dette ambisjonsnivået.*



Større føreseielegheit for eigarar av freda bygg og anlegg. Meirverdiavgiftssystemet vert aktivt brukt av staten som kompensasjonsordning for å støtte kultur og idrett. Vi kan ikkje sjå at det er gode grunnar til å utelate eigarar av freda bygg og anlegg frå liknande ordningar. Innføring av inntektsfrådrag og ein kompensasjonsordning for meirverdiavgift ved vedlikehald av freda bygg og anlegg, vil vere eit godt verkemiddel.

*Om ikkje staten ser seg tent med å auke tilskotsordningane for eigarar av freda bygg og anlegg bør ein drøfte om skatte- og avgiftssystemet kan brukast aktivt for å støtte eigarar av freda bygg og anlegg utanfor næringsverksemd.*

Kaupanger Hovedgård er ikkje åleine om å ha ein stor freda bygningsmasse. Kostnadane knytt til forsikring aukar kvart år. I seinare tid har vi òg opplevd å problem med å forsikre freda og verneverdig bygg og har måtte bruke mykje tid og ressursar på dette. Staten bør ta over forsikringsansvaret for freda bygg (fullassurandør). Det vil òg auke incentiva og verdien i fredinga for eigarar.

*Vi føreslår at ein i kulturmeldinga diskuterer om, og korleis staten kan ta over forsikringsansvaret for freda bygg og anlegg.*

Det må komme ekstra tilskotsmidlar til brannsikring. I dag er det eigars ansvar å syte for brannsikring, og vi som eigar er avskore frå å søke på midlar. Det er eit stort paradoks at tettstadar med verneverdig busetnad kan søke om brannsikringsmidlar, mens fleirtalet av freda eigedommar ikkje har same moglegheit.

*Vi føreslår at kulturminnemeldinga diskuterer brannsikring og mogleg utviding av eksisterande ordningar.*

Kaupanger Hovedgård har lang erfaring i å skape berekraftig næring ut av kulturminne. Vår erfaringa syner at kulturminneforvaltinga og Innovasjon Norge treng auka kompetanse i samhandling og i arbeidet med å skape ny næring ut av kulturminna. Samstundes er det få, om nokon fylke, som har tilsette med spesielt ansvar for å følgje opp eller kople eigarar og Innovasjon Norge.

*Innovasjon Norge bør få eit tydeleg mandat. Regional eller lokal forvalting bør og ha tilsette med ansvar for følgje opp ein slik satsing.*

På same måte saknar vi at Riksantikvaren og anna statleg forvalting disponerer midlar til formidling og formidlingstiltak. Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er ikkje relevant for dei fleste eigarar av (vedtaksfreda) bygg og anlegg. Vi er òg usikker om denne ordninga har fungert etter intensjonen.

*I kulturminnemeldinga bør ein difor legge opp til å evaluere ordninga og korleis ein større grad kan legge til rette for at eigarar av freda bygg og anlegg har moglegheit til å drive formidling. Dette arbeidet kan òg koplast med Innovasjon Norge. Vi legg òg til grunn at ein slik satsing vert tilført friske midlar og at ein ikkje tek frå andre poster.*

Med venleg helsing

*Nils J. Knagenhjelm*

Nils J. Knagenhjelm

